



AVTALE OM LEIGE AV FASILITETAR – DAGTILBOD BRUKARAR BU- OG AVLASTNINGSTENESTA OSTERØY

Avtalen gjeld mellom Anders og Hjørdis Hauge (eigar og medeigar) og Osterøy kommune (tenestekjøpar)

Osterøy kommune leiger lokaler ved Hauge gard måndag til fredag frå kl.07.30-16.30. Helligdagar fell vekk. Avtalen gjeld 01.08.2019 – 30.06.2024 og blir sagt opp utan nærare melding frå 30.06.24. Avtalen skal evaluerast årleg i juni. I 2023 skal det vere evalueringsmøte og avtale om vidare drift seinast i oktober.

1. Leiga omfattar:

- garderobe, dusj og toalett for brukar.
- dusj og toalett for personale i 1. etg driftsbygg.
- Disponibel vaskemaskin i 1. etg driftsbygg for vask av arbeidstøy.
- Pauserom for personale og brukar samt garderobe for personale i oppsatt brakke ved driftsbygg. Brakka er kommunen si eigedom. Det er knytt eigen strømmåler til brakka, eigar fakturerer kommunen for strømforbruk.
- Moglegheit for 1 parkering ved driftsbygg som skal nyttas til naudsynt henting og levering av varer og produkt i dagtilbodet. Parkeringsplasser for personale ved bedehuset.
- Fri adkomst til definerte område av garden i opningstida for dagtilbodet, etter avtale med eigar og tilpassa drifta på garden.
- Utgifter knytt til disponerte område inkludert strømforsyning til arbeidsstasjonar er inkludert i husleiga. Husleiga indeksregulerast kvart år.

2. Aktuelle aktiviteter på garden:

- Dagtilbod for inntil fem brukarar, etter avtale.
- Aktivitetar på garden for brukarar på ettermiddag og dagtid på helg, etter avtale.
- Vedarbeid. Osterøy kommune har sett opp arbeidsstasjon til vedarbeid og lagring av ved. Tilgang til ved for vidare distribusjon og sal:
 - 1) Eigar står for hogging av tre, og frakt av desse til eigna arbeidsstasjon, kapp opp til høvelege stykke, klar til å kløyve opp til ved. Eigar eig veden, evt kan brukarar ha sal og distribusjon som ei arbeidsoppgåve.
 - 2) Dagtilbodet får forsyning av ved frå kommunen ved tilgang etter opprydding i skog og lignande. Kommunen eig veden, brukarar kan ha sal og distribusjon som ei arbeidsoppgåve.
- Stell og omsorg for dyr.



- Moglegheit for å dyrke urter/grønnsaker i mindre omfang på avtalte område.
- Enkle vedlikehalds- / vaktmesteroppgåver, eks luking, snømåking, maling etc, etter behov og avtale med eigar. Det er ønskjeleg at eigar melder inn slike oppgåver fortløpande til kontaktperson.
- Eigar og kontaktperson forpliktar å ha ein løpande dialog og samarbeid om tilpasningar som skal vurderast i vidareutvikling av aktivitetstilbodet.

3. Osterøy kommune pliktar:

- Utforming av dagtilbod og aktivitetar i samarbeid med eigar, i respekt for øvrig drift på garden.
- Opplyse eigar om kontaktperson og ansvarleg person for tilbodet, og eventuelle endringar i dette undervegs.
- Gjennomføre samarbeidsmøte med eigar 2 gonger årleg; mai månad og oktober månad. Begge partar meldar behov for samarbeidsmøte utover dette.
- Revidere avtalen årleg.

4. Pris for leige kr. 75 233 eks mva per år. (oppdatert 20.06.22)

Perioden 01.08.2019 – 30.06.2024:

Satsane blir regulert etter konsumprisindeks 1. Mai kvart år. Avtalen blir revidert i juni kvart år, og vil bli oppdatert med riktig sum.

Kommunen blir fakturert for leige samt strømforbruk i oppsett brakke den 15. kvar månad.

5. Avtalen har ei gjensidig oppseiingstid på seks månader.

Lonevåg, 27.06.22



Kristin Ruud Myking

Nestleiar sektor Helse, omsorg og sosial -Osterøy kommune



Hjørdis Hauge/ Anders Hauge

Hauge Gard